



ST: studiespesialisering
EL: elektrofag
ID: idrettsfag

SR: Sal, service og reiseliv
IM: IKT og medieproduksjon
PB: Påbygging til generell studiekompetanse

TAF: Tekniske allmenne fag

Til nye elevar på Vg2, Vg3 eller Vg4 ved Ulstein vidaregåande skule

VEL MØTT SOM NY ELEV VED ULSTEIN VIDAREGÅANDE SKULE SKULEÅRET 2021-2022

Du har tidlegare fått melding om at du har fått plass som elev ved Ulstein vidaregåande skule skuleåret 2021-2022.

Skulen startar opp for elevane til vanleg skuletid **måndag 23.august kl.08:20**. Alle elevane møter i skulen sit Atrium, der finn ein oppslag med liste over kva rom ein skal gå til.

Ulstein vgs er glad for å kunne ønskje nye elevar velkomne til ein fin skule i trivelege omgivnader. I januar 2015 tok skulen i bruk den nye Ulsteinhallen til idrett- og kroppsøvingaktivitet, samt 6 nye klasserom for teoriundervisning. Dette gjer at skulen no kan ha all undervisning i gode og tidsrette klasserom, der dei fleste er godt utstyrte teknisk.

I møtet med ny skule er det viktig at du møter med ei positiv innstilling til å lære, til å tileigne deg kunnskap og gode haldningar. Vilje til samarbeid er også viktig; både i høve medelevar, tilsette og skulen si leiing. Dette er føresetnader som er med på å gjere opplevinga av skulekvardagen meningsfull og viktig.

Skulen pliktar å legge tilhøva til rette for deg på ein slik måte at du skal kunne få auke kunnskapane dine, utvikle haldningane dine og styrke evna di til samarbeid, til beste både for deg sjølv og dei du til ei kvar tid er saman med, enten i skulesamfunnet eller seinare i høgskule eller arbeidsliv.

Generell informasjon om skulen og skulestart vert å finne på skulen si heimeside www.ulstein.vgs.no. På heimesida ligg ulike skjema som vi ber deg fylle ut og levere kontaktlærer ved skulestart/innan fristen. Hugs også at du kan søkje Lånekassa om utstyrsstipend. Sjå heimesida til Lånekassa for meir informasjon.

Ulstein vgs satsar på digital undervisning og det er viktig å ha PC tilgjengeleg ved skulestart. Lærebøker vert utdelt på skulen. **NB! Hugs å ta med lånekortet ditt første dagen.**

Har du behov for skuleskyss må du bestille det via nettsida <http://skoleskyss.mrfylke.no>. Har du tidlegare hatt skuleskyss, må du bruke skysskortet du har fått tidlegare. Informasjon kan du også finne på nettsida <http://skolestart.mrfylke.no>.

Ulstein vidaregåande skule gir kvart år ut ein skulekatalog med bilde og namn til alle elevane. Er dette problematisk for deg, må du ta dette opp med kontaktlærer snarast etter skulestart.

Per dato er status for koronasituasjonen grønt trafikklys. Det betyr at vi kan starte skulen som planlagt. Om dette endrar seg så kjem vi med ny informasjon.

Hjarteleg vel møtt til Ulstein vidaregåande skule. Vi ser fram til å verte kjent med deg og håper at skuleåret 2021-2022 vert eit triveleg og lærerikt år for alle.

Ulsteinvik, juli 2021
Margaret Alme
Rektor